

Høyring om Justering av hovudgudstenesta og ålmenne føresegner

Arkivsak: 11/00030 Gudstenestereforma
Dokumentnr: 11/00030-028
Arkivkode: 312

Løpenr: 000028/18
Sakshandsamar: Jostein Risa

Saksutgreiing

Kyrkjerådet har lagt ut ei høyring om Justering av hovudgudstenesta og ålmenne føresegner. Høyringa er sendt til bispedømmeråda, biskopane, utdanningsinstitusjonar, arbeidsgjevar- og arbeidstakarorganisasjonar m.fl. I tillegg vedtok kyrkjerådet at alle kyrkjelydar er velkomne til å delta i høyringa. Høyringsdokumenta ligg ute på <https://kirken.no/hoeringer>. Høyringsfristen er 10.april.

AU tilrådde at Balestrand sokneråd gav fråsegn i møtet 1.mars, jf at 13.mars er eit fellesmøte med andre sokneråd og neste møte 25.april er for seint. Prestane Vegard Bondevik Lie og Kjetil Netland har baa fått tilsendt høyringsdokumenta og vil *prøve* å kome med nokre skriflege innspel *dersom dei vinn det* før møtet.

Kirkerådet si Nemnd for gudstjenesteliv (NFG) har jobba ut framlegget som så er justert noko av Kyrkjerådet før høyringa vart lagt fram i januar. I vedlagde **justert ordning for hovudgudsteneste** kan ein bla seg gjennom ei gudsteneste slik ho vil sjå ut etter den justerte ordninga med kommentarar og markeringar av alle endringar i høve ordninga frå 2011.

I vedlagde **høyringsdokument** finn ein spørsmåla på slutten av kvart hovudkapittel. Ein treng ikkje svare på alle spørsmåla.

Målet med framlegget som vert sendt på høyring skal vere å skape betre balanse mellom a) valfridom og variasjon og b) det faste og gjenkjennelege. Det er særleg i orda kyrkjelyden skal seie fram eller synge det er færre alternativ, medan liturg/medliturg framleis har mange val. Det vert halde fram at eit viktig grunnlag for involvering er at den enkelte gudsteneste-deltakar kjenner att og «kan liturgien» i større grad enn no, då det kan vere relativt store variasjonar frå stad til stad, både i melodiar og tekstar (t.d. kyrie, gloria, nattverdiliturgi).

Høyringa viser også til forskning og spørjeunderøkingar som er gjort i fleire bispedømeråd etter gudstenestereforma.

Døme på framlegg til endringar: Ein står alltid under første salme (uavhengig av om det er prosesjon eller ikkje) og står til presten er ferdig med si helsing. Dette vil då vere likt over heile landet og ein slepp vere usikker når ein kjem i ei ny kyrkje. Samlingsbøn vert eit valfritt ledd, medan dagens bøn (kollektbøn) tilpassa dagens tekst vert obligatorisk. Det doble kjærleiksbodet før syndsvedkjeninga går ut, men kyrkjelyden kan framleis ta med eit lovnadsord etterpå osb.

Kapitteloverskriftene og spørsmåla i høyringa

(sakshandsamar sine kommentarar/tillegg i kursiv)

1 Korleis auke kvaliteten og tal deltakarar i gudstenesta

Spørsmål 1 a) Korleis meiner de gudstenestereforma har påverka gudstenestelivet i dykkar kyrkjelyd og i Den norske kyrkja?

Spørsmål 1 b) Kva ha fungert godt, og kva har fungert dårleg ved gudstenestereforma?

Spørsmål 1c) Kva av dei momenta som er nemnde ovanfor (kap 1) meiner de vi særleg bør

rette vår merksemd mot i gudstenestearbeidet framover?
inkluderande, trusstyrkande (jf preike), kyrkjemusikk. Involvering, attkjenning vs fleksibilitet/stadeigengjering)

Spørsmål **1 d)** Kva behov ser de for eit meir variert gudstenesteliv med ulike former for gudstenester?

2 Ålmenne føresegner for hovudgudstenesta

Spørsmål **2)** Meiner de at det er naudsynt å justere eller presisere noko ved prosedyre for korleis kyrkjelyden si lokale grunnordning vert utarbeidd og vedteken (jf Ålmenne føresegner)? Kva bør endrast?

3 Justeringar i hovuddel I Samling, ledd 1-8

Spørsmål **3 e)** Er de einige i at samlingsbøna ikkje lenger vert obligatorisk, men eit valfritt ledd?

Spørsmål **3 f)** Har de endringsframlegg eller kommentarar til leddet syndsvedkjenning i høyringsframlegget?

Spørsmål **3 i)** Er de einige i at ledd 8 Dagens bøn vert obligatorisk i alle hovudgudstenester, og ikkje eit valfritt ledd?

Spørsmål **3 j)** Gje eventuelt andre kommentarar til høyringstema 3? (*kapittelbokstavane der det ikkje er egne spørsmål 3a-3d, 3g-3h*)

4 Justeringar i hovuddel II Ordet, ledd 9-17

Spørsmål **4)** Har de endringsframlegg eller kommentarar til hovuddel II Ordet?

Hallelujaomkvede (fleire val) vert fast ledd i staden for valfritt.

Forbøna kjem inn under hovuddel II Ordet og går ut som eigen hovuddel i gudstenesta og vi går frå fem til fire hovuddelar. I Samling (innleiing) II Ordet III Nattverd IV Sending. «Vi samlast om ordet og bordet og vert sendt ut til teneste i verda.

4 Justeringar i hovuddel III Nattverd, ledd 18-21

Spørsmål **5 a)** Kommenter gjerne nattverdpraksisen i kyrkjelydane i dag, med tanke på særkalk og/eller intinksjon og med tanke på å ta imot nattverden ståande eller knelande på altarringen.

Spørsmål **5 b)** Gje gjerne kommentarar til vala av ord som det er gjort framlegg om. *T.d. kropp vs legeme, kalk vs beger.*

Spørsmål **5 c)** Er de einige i at takkofferet går inn i nattverdliturgien, og ikkje i forbønsleddet?

Spørsmål **5 e)** Har de kommentarar eller endringsframlegg til ledd 19 *Takkseiing og bøn* og 20 *Nattverdmåltidet* i høyringsframlegget?

6 Justeringar i dei enkelte nattverdbønene

Spørsmål **6)** Gje gjerne kommentarar eller endringsframlegg til nattverdbønene.

7 Justeringar i hovuddel IV Sending, ledd 22-25

Spørsmål **7)** Har de kommentarar eller endringsframlegg til hovuddel IV Sending?

Generelle kommentarar:

Då AU drøfta saka hadde ikkje medlemene lese gjennom høyringa anna en presten Vegard

Bondevik Lie gjennom hovudpunkta. Han var generelt skeptisk til å redusere valfridom som var innført ved reforma i 2011 og ynskte å halde på mest mogeleg fleksibilitet og høve til den enkelte kyrkjelyd å tilpasse si gudsteneste. Dette synet vart støtta av dei andre medlemene.

Kjetil Netland har i seinare samtale balansert dette ved å peika på at valfridom også kan føre til utgliding i «feil retning», t.d. når den nye dåpsliturgien gjev høve til å velje å utelate lesing av Joh 3, 16, «den vesle bibelen».

Det vart drøfta å berre gje ein generell respons om å unngå innstrammingar i valfridom, men AU kom til at dersom denne nye ordninga er på trappene til å verte vedteken uansett, er det viktig at rådet også går inn og svarar på enkeltspørsmål medlemene er opptekne av.

Framlegg til vedtak

Møtehandsaming

Vedtak

AU vert bedne om å lage eit framlegg til vedtak som kan sendast ut til soknerådsmedlemene og drøftast/vedtakast i samband med felles soknerådsmøte på Leikanger 13. mars 2018.
--